



ÅRSMELDING FOR 2024

Styret og anna representasjon for 2024:
Årsmøte blei halde 20. mars 2024 i Nye Sjodar på Evju bygdetun.

Etter valkomiteen sitt framlegg blei desse valde:

Peder Rekkedal, leiar attval, Torstein Fosstveit, attval, Birgit Norendal, attval, Pål Toreid, attval. Kirsti Hegna og Olav Forberg var ikkje på val.

Varamedlemer: Johannes Ryen og Olav Morten Sauar, ikkje på val

Revisorar: Gunhild Kleven Ripegutu, ikkje på val

revisor 2, ny: Aslak Gunnheim

Valnemnd: Audun Grane attval.

Styret fekk i oppdrag å finne eit medlem til i valkomiteen.

Evju Bygdetun har ansvaret for Sauherad lokalhistoriske arkiv. Torstein Fosstveit er historielaget sin representant til arbeidsgruppa som organiserer arbeidet med arkivet. Han kan peike ut hjelpar frå laget når det er trond for det. Historielaget er medlem av Midt-Telemark Museum. Peder blir historielaget sin representant i styret.

Historielaget er medlem av Landslaget for lokalhistorie.

Medlemer og æresmedlemer

Talet på medlemmer pr. 31.12.2024 er 43 familemedlemer og 49 einskildmedlemer.

Historielaget hadde følgjande æresmedlemer i 2024:
Bjørn Holta, Ole Thor Ripegutu,

Styret har hatt 5 styremøte i 2024, utover det har det vore jamleg kontakt på telefon og epost når det har vore naudsynt.

Styremedlemer og andre medlemer har arbeidd aktivt med følgjande prosjekt:

Kulturhistorie for Sauherad

“Kultursoge for Sauherad” blei lansert på ei tilstelling på Brage Bok i Bø 24.nov. 2023. Det har vore ein del etterarbeid med denne, mellom anna har det kome ein del kommentarar om feil og manglar. Dette har vi tatt på alvor og beste måten å rette opp feila på, blir eit ark eller ein enkel tilleggspublikasjon

Sauherad-kalenderen er eit samarbeid med Nes og Saude Bygdetunlag og blei i 2024 trykt i 400 eksemplar. Omlag 350 blei selde.

Vedlikehald/ansvar for Hjuksebø gml skule blei tatt opp på Årsmøtet 2024. Leiar har vore på befaring og hatt samtalar med representantar for Notodden kommune, som har satt i gang vedlikehalDET på skulebygget. Sauherad historielag ser seg derfor ferdige med saka.

Nye saker som det blir arbeidd med er:

Hjuksebøulukka, togulukka i 1950 som kravde 14 menneskeliv. Medlemer i historielaget har tatt initiativ til å få reist eit minnesmerke ved Nordagutu stasjon. Det er

utarbeidd framlegg til minnesmerke, med planksisse, budsjett og plassering som er sendt til Bane Nor for uttale/godkjenning.

Vi tar sikte på å få dette plass i 2025 - etter 75 år.

Kolahuset Lokale eldsjeler har tatt kontakt med historielaget for å få hjelp til å redde kulturminner ved Kolahuset - ma restar etter Saude Bruk, mølle. Det kan og bli aktuelt å støtte arbeidet med kultursti i området.

Andre aktivitetar:

Sauherad historielag deltok med stand på Eplefesten hausten -24, det har vore vanleg i fleire år.

Vi deltok også på Redd Barna si julemesse på Akkerhaugen.

Midt-Telemark Museum er etablert av Bø Museum, Bø Prestegard, Evju Bygdetun, Hørte Dampfarveri og Sauherad Historielag. Formålet er å styrke arbeidet med kulturarv i Midt-Telemark.

Økonomien i Sauherad Historielag

Den økonomiske stoda i historielaget er merkt av den store innsatsen det var å gi ut kultursoga.

Det er verd å nemne at det opprinnelige budsjettet var på kr 1 mil., og som rekneskapen viser blei samla utgifter på kr 1.082.314. Hittil er det bokført inntekter på tilsaman kr 979.924.

Av eigne midlar har historielaget brukta kr 102.390. Samstundes har vi eit boklager på omlag 500 bøker og vi reknar med at det vil vere etterspurnad i mange år for desse.

Styret seier seg godt fornøgd med at sidetalet i bøkene blei auka frå 325 til 400 og i det heile at styringa av prosjektet har vore svært god.

På den ordinære drifta i laget er det eit overskot i 2024 på kr 7.854,90.

Styret vil takke for godt samarbeid med medlemer, andre interesserte og organisasjonar vi har aktivitetar saman med.

Gvarv, mars 2024

Peder Rekkedal, Torstein Fosstveit, Birgit Norendal, Pål Toreid, Kirsti Hegna og Olav E. Forberg.

